



CONSULENTPARTNER AS
Eidemsbakken 1
6440 ELNESVÅGEN

Saksbehandlar, innvalstelefon
Astrid Buset, 71 25 85 41

Uttale til oppstart av planarbeid - Hustadvika - 65/65 mfl - detaljregulering for Skaret - barnehage

Statsforvaltaren er statens representant i fylket og har fleire roller og oppgåver innan planlegging etter plan- og bygningslova. Ei viktig oppgåve for Statsforvaltaren i kommunale planprosessar er å sjå til at nasjonale og viktige regionale omsyn blir ivaretatt i planarbeidet. Fagområde som miljøvern, landbruk, helse, oppvekst og samfunnstryggleik står sentralt. I tillegg skal Statsforvaltaren sikre at kommunale vedtak i plan- og byggesaker er i samsvar med gjeldande lovverk.

Bakgrunn

Vi viser til brev den 18. desember 2023 der det vart varsla oppstart av arbeid med endring av del av detaljregulering for Skaret. Bakgrunnen for planarbeidet er å omdisponere forretningsareal F2 til barnehagedrift for Krohnstad Montessori barnehage, og regulere fleire tomter til fritidsbusetnad.

Statsforvaltaren har ut frå sine ansvarsområde følgande merknader:

Planfagleg

Forslagsstillar har vurdert at planendringa ikkje utløyser krav til konsekvensutgreiing. Kommunen har ikkje kommentert dette i oppstartsmøtet. Etablering av barnehage er ikkje i samsvar med gjeldande arealplan for området. Vi viser til at etablering av offentlig og privat tenesteyting er eit vedlegg II-tiltak (nr. 11 bokstav j) i forskrift om konsekvensutredninger, som skal vurderast nærare etter kriteria i forskrifta sin § 10. Vi ber om at kommunen gjer ei vurdering av om lokalisering av barnehage på Skaret utløyser krav om konsekvensutgreiing.

Samordna bustad-, areal- og transportplanlegging – klima

Det er eit nasjonalt miljømål å få til eit meir berekraftig utbyggingsmønster og redusere klimagassutslepp frå mellom anna biltrafikk, jamfør [Statlige planretningslinjer for samordnet bustad-, areal- og transportplanlegging](#). Dei statlege planretningslinjene legg opp til at planlegging i kommunen skal medverke til ei meir konsentrert utbygging som skaper kompakte byar og tettstader med gang- og sykkelavstand også til daglege gjeremål, slik at miljøvennlege reisemåtar blir det

naturlege førstevelet. Dette kan best oppnåast med at det blir fortetta og bygd kring eksisterande senter i kommunen

Vi viser også til Regjeringa sine [Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027](#) som seier:

- 20. I byar og tettstader lokaliserer ein bustader, næringsverksemd, arbeidsplassar, handel og tenestetilbod slik at dei bidreg til å styrkje attraktiviteten til stadene og byggjer opp under sentrumsfunksjonane. (...)
- 28. Ved planlegging av barnehagar og skular blir lokalisering og arealbehov vurdert tidleg i planprosessane i samarbeid med relevante aktørar.
- 29. Samfunns- og arealplanlegginga blir brukt som verkemiddel for å utjamne skilnader, førebyggje levekårsutfordringar og sikre ei sosial balansert utvikling gjennom bustadbygging, lokalisering av teknisk og sosial infrastruktur og offentlege tenester.
- 51. Klimagassutslepp, kø, luftforureining og støy blir redusert ved å leggje til rette for kollektivtransport, sykkel og gåing, effektiv arealbruk og avgrensa sentrumsområde og tettstader.

Delar av planendringa har til føremål å regulere areal til barnehage. Krohnstad Montessori har hatt mellombels dispensasjon frå reguleringsplanen for å drive barnehage i Klockargården på Skaret sidan 2016.

Klockargården på Skaret ligg i eit regionalt viktig friluftsområde, om lag 1-1,5 mil frå Molde by og Elnesvågen sentrum. Det er ikkje kollektivtilbod eller gang- og sykkelveg til Skaret, og levering og henting i barnehagen må gjerast med bil. Det meste av pendlartrafikken mellom kommunane Hustadvika og Molde går gjennom Tussentunnelen. Ein del levering og henting i barnehagen vil truleg kunne skje til og frå arbeid for ein del foreldre/føresette som pendlar mellom Hustadvika og Molde, men elles vil barnehagen medføre auka biltrafikk.

Både i 2016 og i 2020 peika vi på at barnehagedrift på Skaret er i strid med nasjonal areal- og klimapolitikk. Lokaliseringa av barnehage på Skaret er langt utanfor by- og tettstadsområda i Hustadvika og Molde kommunar. Ei slik lokalisering vil verken fremje nasjonale mål om meir kompakte byar og tettstader med korte avstandar til ulike gjeremål i kvardagen, eller styrke sykkel og gange som transportform.

Vi varslar at vi vil vurdere motsegn til eit planforslag som ikkje er i samsvar med dei statlege planretningslinjene for bustad-, areal- og transportplanlegginga, jamfør [rundskriv T-2/16 Nasjonale og vesentlig regionale interesser på miljøområdet](#).

Samfunnstryggleik og klimatilpassing

Vi ser det skal gjennomførast ein risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse) for planområdet, jf. plan- og bygningslova § 4-3. Analysen skal vise alle risiko- og sårbarheitsforhold som har betydning for om arealet er eigna til utbyggingsføremål, og eventuelle endringar i slike forhold som følgje av planlagt utbygging. DSB har utarbeidd ein rettleiar «[Samfunnstryggleik i kommunen si arealplanlegging](#)». Denne tilrår mellom anna at kommunen stiller kvalitetskrav til ROS-analysen. De kan finne oppdatert sjekkliste på vår [heimeside](#) om de vil nytte sjekklista til Statsforvaltaren som eit hjelpemiddel i arbeidet med analysen.

Område med fare, risiko eller sårbarheit skal merkast av i kartet som omsynssone, jf. plan- og bygningslova § 12-6. Ved siste plannivå er det ikkje mogleg å skyve nærare avklaring av reell fare til byggesak. Kravet til ROS-analyse i pbl. § 4-3 vil då ikkje vere oppfylt.

Vi gjer merksam på «[Statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing](#)». Denne seier mellom anna at ved planlegging av nye område for utbygging, fortetting eller transformasjon, skal det vurderast korleis omsynet til eit klima i endring kan sikrast. «[Klimaprofil Møre og Romsdal](#)» gjev eit kunnskapsgrunnlag for klimatilpassing i fylket.

Det er viktig at ROS-analysen inkluderer ei vurdering av kva effektar klimaendringar vil gje, om planområdet er utsett for klimaendringar, og vurdere konsekvensane klimaendring vil ha for planområdet og planlagde tiltak. Det bør leggast vekt på gode heilskaplege løysingar og varetaking av økosystem og arealbruk med verdi for klimatilpassing som òg kan medverke til auka kvalitet i uteområde. Planar skal ta omsyn til behovet for opne vassvegar, overordna blågrøne strukturar og forsvarleg overvasshandtering. Det skal grunngjevast dersom naturbaserte løysingar ikkje veljast. Miljødirektoratet har laga ein [retteleiar](#) til korleis planar kan ta omsyn til klimaendringar.

Forureining

Det bør gjerast ei vurdering av vatn og avlaup som del av planarbeidet. Vatn- og avlaupsplanen bør inngå som del av vedtaksgrunnlaget for planen. Vi viser til Miljødirektoratet sin rettleiar [Planlegge for vann og avløp i hytteområder](#).

Friluftsliv

Areal som er statleg sikra som friluftsområde og areal som i dag er nytta til friluftsliv av ålmenta, bør identifiserast og sikrast i planen. Det bør leggast inn ei buffersone (grønstruktur) mellom nye hytter og tur- og skiløypetraséar, slik at det er eit tydeleg skilje mellom privat sone og friluftsområda.

Konklusjon

Statsforvaltaren rår frå etablering av barnehage på Skaret. Skaret ligg langt unna by- og tettstadsområda i Hustadvika og Molde kommunar, og ei slik lokalisering vil vere i strid med gjeldande nasjonal areal- og klimapolitikk.

Vi varslar at vi vil vurdere motsegn til eit planforslag som er i strid med Statlege planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging.

Vi har ikkje merknader til foreslått reguleringsendring for utviding av hyttebebyggelsen på Skaret.

Med helsing

Frida Farstad Brevik (e.f.)
plansamordnar

Astrid Buset
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent.

Fagsaksbehandlar

Samfunnstryggleik: Renate Frøyen, tlf. 71 25 84 15

Kopi til:

HUSTADVIKA KOMMUNE
MATTILSYNET

Tingplassen 1
Felles postmottak
Postboks 383

6440 ELNESVÅGEN
2381 BRUMUNDDAL

STATENS VEGVESEN
NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE) REGION VEST

Postboks 1010 Nordre Ål
Naustdalsvegen 1B

2605 LILLEHAMMER
6800 FØRDE